



Nettverk i kreftomsorg og lindrende behandling i Helse Bergen foretaksområde

Nyhendebrev 18.12.2018

Kjære ressurspersonar og leiarar/ fagpersonar i nettverket!

No skriv me desember og 2018 er snart historie. Det er tid for tilbakeblikk på året som er gått: status for nettverket og kva me har fått til i 2018, samt aktuell informasjon frå fagfeltet.

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen føretaksområde sender ut nyhendebrev to gongar i året. Føremålet er å gje informasjon om aktivitetar i nettverket, samt å gje oppdaterte nyheiter innan fagområdet kreftomsorg og lindrande behandling.

Kva har skjedd sidan sist?

4. september blei det arrangert **Introduksjonskurs** for alle nye ressurspersonar og alle leiarar/ fagansvarlege som ikkje tidlegare har delteke på eit slikt kurs. Dette er eit kurs som skal gje kunnskap om det palliative fagfeltet, om organiseringa av nettverket og rolla som ressursperson. 28 personar deltok på dette kurset.

6. november gjekk årleg fagdag av stabelen, i år kalla **Fagseminar i palliasjon: Hvordan lindre i tidlig fase – uavhengig av diagnose?** 141 personar deltok denne dagen. Fleire legar deltok saman med nettverket. Fagseminaret blei svært godt evaluert av deltakarane.

World Hospice and Palliative Care Day 2018 blei markert med ein stand på Haukeland universitetssjukehus.

I haust blei det halde 7 lokale **nettverksmøte** i sjukepleienettverket, eitt i kvar lokale nettverksgruppe. Tema på dei fleste nettverksmøta i haust har vore «kommunikasjon og informasjon mellom aktørene». «Seneffekter etter kreftbehandling» har vore framme i ei gruppe.

Kva har eg lært i dag som eg kan ta med meg tilbake til min arbeidsplass? er ein viktig refleksjon etter kvart nettverksmøte, for å kunne formidla kunnskap tilbake til eigen arbeidsplass.

Visste du at...

Nettverket består av
132 ressurspersonar i
sjukepleienettverket og
49 ressurspersonar i
fysio- og
ergoterapinettverket



Sjukepleienettverket har ein brosjyre med informasjon om kva ressursjukepleiar kan bidra med. Denne kan lastast ned frå nettverket si nettside. Den er liten og lett å dela ut. Den kan skaffast frå KLB, ferdig trykt på tjukt papir i lite format.

Planar for våren

Lokale nettverksmøte i sjukepleienettverket blir arrangert tre gongar i året (to på vårparten og eit på hausten). Det blir forventa at ressurspersonar i nettverka deltar på nettverksmøte.

Lokale nettverksmøte i sjukepleienettverket

Det første møtet i nettverksgruppene blir med tema «Barn som pårørende» eller valfritt tema. Seinare i 2019 vil temaet «Sorg og etterlattearbeid» bli belyst. Me håpar å få med oss Lars Helge Myrset med dette temaet, «Kva er sorg? Korleis møter me menneske i sorg? Kva gjer det med oss?» Programmet for nettverksmøta inneheld ein fagleg del og ein refleksjons-/diskusjonsdel. Det er svært inspirerende og imponerende å høyra om kor mykje ressursjukepleiarane får gjort både i høve til klinisk arbeid, undervisning og samhandling på sine arbeidsplassar.

Datoar for nettverksmøte i sjukepleienettverket i vår/ sommar

Nettverksgruppe	Dato	Dato
Bergen I	13. februar	15. mai
Bergen II	29. januar	28. mai
Bergen III	14. februar	9. mai
Vest	6. februar	8. mai
Midthordland	4. februar	3. juni
Nordhordland	12. februar	21. mai
Voss	7. februar	23. mai

Visste du at...
du finn mykje god og informativ informasjon om nettverket på:
www.helse-bergen.no/palliasjon

Nettverksmøte for fysio- og ergoterapeutar

Nettverksmøte i vår for fysio- og ergoterapinettverket vil bli i slutten av mai eller byrjinga av juni. Tema blir «Rehabilitering og aktivitet». Dato for møtet og meir detaljert program blir sendt ut så snart det er klart.

Årleg fagdag 2019

Dato for Årleg fagdag 2019 er satt til 13. november. Me er i gang med programmet og det blir spanande, aktuelt og nyttig. Sett av datoen allereie no!

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Nye faglege råd om lindrande behandling i slutfasen av livet

Helsedirektoratet har kome med nye nasjonale, faglege råd om lindrande behandling i siste delen av livet: dei siste vekene, dagane og timane. Dei faglege råda belyser mellom anna førehandssamtalar, symptomlindring, vurderingar når den forventa levetida er kort, og når pasienten er døydde, samt involvering av og støtte til pårørende i denne fasen.

[Link til Helsedirektoratet](#)

NOU 2017:16 På liv og død. Palliasjon til alvorlig syke og døende blei offentleggjort 20. desember 2017. Den kan lastast ned på [NOU 2017](#). Vi tilrår alle å setta seg inn i denne og ha den tilgjengeleg på arbeidsplassen.

Ny nasjonal kreftstrategi kom i vår: [Leve med kreft \(2018 – 2022\)](#). Dette er ei vidareføring og ei oppdatering av Nasjonal kreftstrategi 2013 – 2017 Sammen mot kreft.

Nasjonalt handlingsprogram i palliasjon

Dette er under revisjon og kjem i revidert utgåve i nær framtid.

Det er kome ein ny prosedyre knytt til **tunnelert spinal- eller epiduralkateter**. Fleire illustrasjonsvideoar for bruk og handtering på KLB si nettside: [tunnelert spinal- eller epiduralkateter prosedyre](#)

Prosjektmiddel er eit fint høve til å setta fokus på og vidareutvikla det palliative arbeidet. Alle kommunar kan søka om middel til prosjekt: *Kompetansehevendende tiltak innen lindrende behandling og omsorg ved livets slutt*. Fristen er 1. mars kvart år. Det krev ein god og gjennomarbeidd søknad for å få tildelt middel, og det er lurt å starta prosessen allereie no. Ta gjerne kontakt med KLB dersom de har spørsmål knytt til prosjektarbeid.

Hospitering: Alle ressurspersonar blir tilrådd å hospitera innan ein treårs periode (jmf. Kompetanseplanen). Informasjon om hospiteringsordninga til ressursjukepleiarar finn de på nettverket sine [nettsider](#).

Nytt frå Kreftforeningen

- **Vardesenteret på Haukeland**

Vardesenteret på Haukeland - eit tilbod for kreftpasientar og pårørande. Ta ein pause, utveksle erfaringar og få råd og hjelp. Du finn meir informasjon og etter kvart program for 2019 [her](#)

- **Krafttak mot kreft**

I 2019 samlar Kreftforeningen inn pengar til forskning på kreftformer som få overlever, og til gode omsorgstilbod for pasientar og pårørande. Bøsseaksjonen er i veke 11. Russ ved alle vidaregåande skular i fylket er med. Det er viktig å nå alle dører! Kjenner du personar frå kommunen din som kan vere med å hjelpe, flott om du kan sende namn og tlf. nr. til aksjonsleiar Lena Teigland Lena.Teigland@kreftforeningen.no tlf: 970 03 402, særleg i dei kommunane som ikkje har vidaregåande skule! Russen kan og trenge hjelparar.

- **Julestjernekampanjen**

Kreftforeningen skal også i år ha [julestjernekampanje](#) slik vi har hatt dei siste fem åra. Vi har stor tru på varmen og verdiane i kampanjen, og opplever at den blir godt mottatt. Og så ynskjer vi å samle inn pengar til kreftforskning. Når folk gjev ei pengegåve, heng vi samtidig opp ei julestjerne på eit sjukehus som gjevaren sjølv vel. I Hordaland på desse sjukehusa: Haukeland, Haraldsplass, Voss, Odda og Stord.

Vi i Kreftforeningen ynskjer dykk ei fredfull jule- og nyttårshøgtid! Ser fram til samarbeid i 2019!

Kurs og konferanser i 2018

Lokalt:

- **Palliative fagdagar**

Dette er eit grunnkurs i palliasjon for helsepersonell i *kommunehelsetenesta* og på lokalsjukehus i Helseregion Vest. Kurset vert arrangert vår og haust. Tid og program for våren 2019 er ikkje tilgjengeleg enno, men vi oppmodar ressursjukepleiarar om å fylgje med på nettsida til kompetansesenteret.

[palliative fagdagar for kommunehelsetenesta](#). Helse Bergen har sitt eige grunnkurs i palliasjon; [palliative fagdagar for tilsette i Helse Bergen](#)

Nasjonalt:

- Den 19. **landskonferansen i kreftsykepleie** i Østfold.
Tittel på konferansen: Hele mennesket -hele veien.
Dato for konferansen: 11.-13. september, Quality Hotel. Sarpsborg.
- [Norsk barnesmerteforening sitt vårkurs 2019](#)
- **KreftREHAB 2019: Veien videre - samspillet mellom pasient, pårørende og helsetjeneste.** 9.- 10. april 2019, Stavanger. Kongressen er i regi av LHL-klinikkene.
- **Fysioterapi i palliasjon** Kurs over tre dagar, i kursrekka for fysioterapi og kreft arrangert av NFF. Blir arrangert i Oslo 24.- 26. april.

Internasjonalt:

- [EAPC 2019 16th World Congress of the European Association for Palliative Care](#)
- [A good Ending - Good for All, Bergen 6.- 7. nov. 2019](#) Dette vert ein spennande konferanse med eit breitt samansett program om omsorg i livets siste fase. Delar av programmet vert på norsk.

Tusen takk for den gode innsatsen som kvar og ein av dykk bidreg med i nettverket! Pasientar, pårørende og kollegaene dykkar nyt godt av den høge kompetansen innan fagfeltet kreftomsorg og palliasjon på dykkar arbeidsplass!

Me vil ynskja dykk alle ei riktig GOD JUL og ser fram til framleis godt engasjement og samarbeid i det nye året!



Julehelsing frå driftsgruppene i nettverket

Elisabeth Romarheim

leiar for sjukepleienettverket

Tone-Lise Frantzen

leiar for fysio- og ergoterapinettverket